

Referat frå SMU-møte (skulemiljø-utvalet) Engelsvoll skule

Tid: 08.11.22 kl. 19.15-20.15

Stad: Rom 7, Engelsvoll skule

Deltakarar:

Sandra Hageland, elevrepresentant – forfall

Celine Larsen Meland, elevrådsrepresentant

Anne Bjørg Moi Gjørn, lærar

Karoline O.F. Barka, andre tilsette i skulen- forfall

Heidi Martby-Skogsholm, FAU-representant skule

Torunn Elisabeth Grude, FAU-representant skule

Kjersti Olimo Salte, kommunerepresentant

Fridtjof Helland, kommunerepresentant (vara)-forfall

Linda Refvik - rektor

Saksnr.	Sak:
	Møteleiar/sekretær: Møteleiar: FAU-leiar, referent: rektor
1/22-23	Godkjenning av innkalling og sakliste: Ingen merknader
2/22-23	Godkjenning av protokoll: Ingen merknader
3/22-23	Opplæringslova kap 9A Skulen si handlingsplan for trygt, godt og inkluderande læringsmiljø er eit viktig arbeidsreiskap for oss i skulen. Vi ser at noko trengs å spissast, bla forventningar til tilsette. Dette arbeidet har vi gode prosessar på i skulen si utviklingstid. Det er viktig at alle tilsette har eigarskap til plana. På Engelsvoll skule er vi godt i gang med å implementere verktøy i Kleppmodellen: Monitorering ved bruk av Forms, der vi har systematisk observasjon av enkeltelevar over tid, der vi får eit godt bilete på korleis eleven har det på skulen. Pedagogisk analyse, der ein ved monitorering har som mål å finne dei oppretthaldande faktorane når ein er bekymra for enkeltelevar eller for klasse miljøet. Plan B-samtalar, ein mal for korleis ein har gode samtalar med elevar der intensjonen er å snakke med eleven og ikkje til eleven. Vi er i startfasen når det gjeld å implementere bruken av desse verktøya. Vi har pr. dags dato 5 aktivitetsplanar.

	<p>Vi ser at det er blitt lettare for foreldre å varsle og trykke på den raude mobbknappen. Det er alltid knytt uro til den skulte mobbinga. Det som ikkje er så lett å oppdaga.</p> <p>Erfaringar viser at eit godt førebyggjande tiltak mot mobbing er at foreldre snakkar saman og bygger relasjonar med kvarandre og blir kjend med kvarandre sine ungar.</p>
4/22-23	<p>Elevundersøkinga</p> <p>Vil bli gjennomført på 6. og 7. steg fyrste veka i desember. Elevrådet, saman med Mette Johnsen Monge, vil i forkant av undersøkinga førebu elevane: Gjennomgå spørsmåla, avklare omgrep ol. Det er og utarbeida ei plan for gjennomføring. Resultata vil deretter bli analysert. Ei arbeidsgruppe som består av foreldre, lærarar, elevar og leiinga vil i etterkant drøfte tiltak som må settast inn ut frå dei resultata som kjem fram i undersøkinga.</p>
	Ingen saker til eventuelt